

NATUR OG MILJØ

Naturen har sin egen verdi, og det er eit mål å bevare mest mogleg urørt natur for framtidige generasjonar. MDG ønsker:

- Ei betre kartlegging av biologisk mangfald og vern av område med truga artar
- Miljøsertifisering av marinaer og badeplassar
- At strandsona rundt Flatøyosen sikrast for allmenta
- Ein driftsplan for Rylandsvassdraget i komande periode
- Å bevare naturen mellom Storavatnet og Radfjorden urørt

DYRELIV

Dyr har sin eigen verdi slik norsk lov stadfestar. MDG ønsker:

- Ei meir skånsam og berekraftig havbruksnæring både for fisken og for miljøet. Det er uakseptabelt at oppdrettsanlegg øydelegg villfisker og miljøet i fjordane våre.
- Å sikre Rylandsvassdraget som vandringselv for sjøaure og ål
- Å sikre Mjåtveitelva som biotop for elvemusling, aure, laks og ål
- Ei meir aktiv dyrevernsnemnd som fører tilsyn med velferda til husdyra og kjæledyra våre

LANDBRUK

Alt landbruk må produsere trygg mat med minst mogleg belastning på natur, klima og ressursar. MDG ønsker:

- Å stimulere til meir økologisk og lokalprodusert mat og gardsutsal
- Å auke nydyrking og utviding av matareal
- Eit eventuelt jorddeponi i Hoplandsdalen krev eit eksternt kontrollregime
- Å stimulere til vekst av gardsturisme og mat- og naturopplevingar

HELSE, OMSORG OG LIVSKVALITET

Eit trygt og inkluderande samfunn med små økonomiske skilnader er viktig for god folkehelse. MDG ønsker:

- At alle som treng ekstra omsorg og praktisk hjelp skal få tilpassa hjelp heime, i omsorgsbustad eller på sjukeheim
- Naturopplevingar, fysisk aktivitet og kultur må prioriterast høgt i helse- omsorgstenesta
- Mest mogleg økologisk og lokalprodusert mat på offentlege helse- og omsorgsinstitusjonar
- Å sikre at menneske med nedsett arbeidsevne også i framtida har gode arbeidsplassar

BARNEHAGE OG SKULE

Kunnskap om samanhengar i naturen og samspillet mellom menneske og natur må styrkast i opplæringa. MDG ønsker:

- At kommunen aukar talet på kommunale barnehageplassar
- Meir friluftsliv, fysisk aktivitet, kreative fag og kunst i barnehagen og skulen
- Å auke kunnskapen om dyrking og økologisk matproduksjon gjennom skulehagar eller samarbeid med nærliggande gardsbruk
- Mindre grupper og fleire lærarar i skulen
- At alle barnehagar og skular får miljøsertifikat

SAMFUNNSUTVIKLING

Bygder og tettstader må planleggast og organiserast slik at dei blir ein del av løysinga på miljøproblema. MDG ønsker:

- Ny bustadbygging og kollektivtilbod må planleggast i samanheng slik at bilbruk vert redusert
- Eit levande og meir mangfaldig Frekhaug sentrum
- Å etablere bondens marked på Frekhaug
- Ei ordning for bruk av overskotsmat frå matbutikkane

FLYKTNINGAR

Meland må ta sin del av ansvaret for å hjelpe menneske på flukt. MDG ønsker:

- Å styrke tiltak som kan skape større forståing for flyktningane sin livssituasjon
- Å skape fleire arenaer der folk frå ulike kulturar kan møtast
- Å søke om husbankfinansiering for å bygge fleire bustader til flyktningar
- Å arbeide for gode ordningar som gjer at flyktningar kan få komme i jobb tidleg

DEMOKRATI

I eit folkestyre skal alle kunne påverke samfunnsutviklinga. MDG ønsker:

- Meir opne politiske prosessar
- Å styrke forbrukarmakta
- Tilbod om demokratikurs for ungdom og andre som vil engasjere seg i politikken
- Tilbod om overføring av kommunestyremøte på nett
- Rådgevande folkeavrøysting før eventuell komunesamanslåing

KULTUR OG IDRETT

Kommunen sitt mangfaldige kultur- og idrettsliv, og sterke frivillige lagsliv har stor verdi. MDG ønsker:

- Å auke kulturtilskota til lag og organisasjonar med egne hus
- At kulturskulen må vere i stand til å gi eit breitt tilbod til overkommelege prisar
- Å prioritere eit senter for ikkje-motorisert sjøsport på Flatøy
- Å ta vare på eit breitt spekter av kulturminne. Dette må kome fram i ein kommunal kulturminneplan i perioden

GRØN NÆRING

Ein sunn økonomi er basert på berekraftige premisser. MDG ønsker:

- Fleire miljøbevisste bedrifter i næringslivet vårt
- Det skal vere lettare å skape sin eigen arbeidsplass
- Å styrke det regionale arbeidet for entreprenørskap og utvikling av fleire grønne næringar
- Gå imot sundagsopne butikkar dersom det vert opp til lokalt sjølvstyre å avgjere

SAMFERDSLE

Grøn samferdsle handlar om å prioritere annleis. MDG ønsker:

- At båt og buss blir attraktive reisetilbod for alle
- Feire ladestasjonar for el-bilar
- Eit nett av gang- og sykkelveggar slik at fleire kan gå og sykle til arbeid og skule
- Krav om sykkelparkering under tak ved større nybygg og nær offentlege transportknutepunkt
- At utviding av vegnettet ikkje må kome i vegen for forvaltning av natur og biologisk mangfald
- Å opprette ei interkommunal arbeidsgruppe som kan stake ut ei kursending frå vegtransport til sjøtransport – eit reelt alternativ til dagens privatbilretta samferdsle

KOMMUNAL DRIFT

Omstillinga til eit meir berekraftig samfunn må starte i kommunane. MDG ønsker:

- Ein oppdatert klima- og energiplan som skal ligge til grunn for all planlegging
- At kommunen investerer i bilar med best tilgjengeleg miljøteknologi og søker økonomisk støtte til dette
- Ny stilling som miljøkoordinator
- Miljøsertifisering av kommunale bygg innan 2020
- At kommunale kjøkken tilbyr minst 30% økologisk mat og/eller fairtrade på menyen og legg opp til ein kjøtfri dag i veka



1., 2. og 3. kandidat i Meland
F.v: Karina Garnes Reigstad, Leif Johnsen, Åshild Aamli

Vi ønsker at Meland skal vere ein stad som legg til rette for livskvalitet meir enn forbruk, eit samfunn der folk har betre tid til kvarandre, eit miljø der trivsel, rettferd, natur og helse står i sentrum.

Vi går til val på eit politisk program som peikar ut ei framtidretta og berekraftig utvikling basert på økologiske prinsipp for Meland.

Godt val, stem grønt!

**miljøpartiet
dei grøne**

meland

Les meir på:
<http://meland.mdg.no>
<http://facebook.com/MDGMeland>

**miljøpartiet
dei grøne**

meland



**TENK NYTT
STEM GRØNT
NATUR OG MILJØ FØRST**